

Lønn

Det er inga generell minstelønn i Noreg. Lønn blir avtalt mellom arbeidsgivar og arbeidstakar som ein del av den skriftlege arbeidsavtalen. Sjølv om det ikkje er noka generell minstelønn i Noreg, er det i enkelte bransjar innført minstelønn.

[Les meir om minstelønn og sjekk satsar](#)

Eventuelle tillegg for uheveleg arbeidstid på kveld, natt, søndagar og heilagdagsarbeid skal avtalast mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. Denne informasjonen står gjerne i arbeidsavtalen, i interne avtalar på arbeidsplassen eller i tariffavtalen. Ta kontakt med tillitsvald eller arbeidsgivar for å undersøke kva avtalar som gjeld på arbeidsplassen din. Arbeidstakarar har likevel rett til lønn for 1. og 17. mai ifølge Lov om 1. og 17. mai som heilagdagar. Arbeidstakarar har rett til overtidstillegg.

[Les meir om overtid](#)

Tariffavtale

Mange verksemder har inngått tariffavtalar. Tariffavtalar er avtalar om lønn og andre rettar mellom arbeidsgivar- og arbeidstakarforeiningane. Er du tilsett i ei verksemd som er bunden av ein tariffavtale, vil du som tilsett også kunne vere bunden av avtalen. Ta kontakt med arbeidsgivar eller tillitsvald for meir informasjon om aktuelle tariffavtalar på arbeidsplassen din.

Lønsslipp

Ved utbetaling av lønn skal arbeidsgivar gi deg lønsslipp som beskriv lønn, skattetrekk og eventuelt andre fråtrekk. Får du ikkje dette, må du ta det opp med arbeidsgivaren din.

Når blir lønna utbetalt?

Viss ikkje anna er avtalt, skal lønna bli utbetalt to gonger i månaden. I Noreg er det vanleg at det blir avtalt utbetaling av lønn ein gong i månaden. Tidspunktet for lønnsutbetaling skal stå i arbeidsavtalen.

Prestasjonslønn og akkord

Prestasjonslønn eller akkord er lønn basert på resultat. Dette blir oftast brukt innanfor sal der seljaren får ein viss sum per selde eining. I enkelte bransjar blir det i tillegg brukt tidslønn for å skape motivasjon for å auke effektivitet og resultat.

Arbeidsmiljølova stiller krav til at bruk av prestasjonslønn ikkje skal bidra til at dei tilsette blir utsette for uheldige fysiske eller psykiske belastningar, og til at sikkerheita blir tatt omsyn til.

